



Mandat for programstyret «System for styrka læring»

1. Programstyret skal vere samansett av representantar for aktørar som arbeider med barnehage- og skuleutvikling. Sogn regionråd set saman programstyret. Representantar vert normalt valt for to år.
2. Sogn regionråd vel ein av ordførarane til å leie programstyret. Programleiar er sekretær for programstyret. Programleiar har saman med dagleg leiar i Sogn regionråd ansvar for å drive fram og koordinere dei ulike tiltaka i programmet. Dagleg leiar deltek på styremøta.
3. Aktørar som blir invitert til å delta i programstyret peikar sjølv ut representantar til programstyret.
4. Programstyret rapporterer til Sogn regionråd som folkevald styringsorgan. Sogn regionråd godkjenner handlingsplan, årsmelding og budsjett.
5. Viktige oppgåver for programstyret er å:
 - a) ta initiativ til og byggje opp under faglege- og organisatoriske utviklingsprosessar.
 - b) sikre politisk og administrativ forankring i kommunane.
 - c) informere og forankre i eigen organisasjon.
 - d) bringe eigne relevante satsingar inn til drøfting i programstyret.
 - e) vere pådrivar for å nå dei overordna måla for utviklingsprogrammet.
 - f) bidra til å koordinere tiltak i programstyret og eigen organisasjon
 - g) fordele kompetanseutviklingsmidlar

Vedteke i Sogn regionråd 13.9.2013 med endring 6.12.2019